

Innspel til nasjonal strategi for sirkulær økonomi

Invertapro AS

Øvre Langhaugen 23

5709 Voss

Invertapro er det største insektselskapet i Noreg, etablert som oppstartsbedrift i 2016 med base på Voss. Me jobbar for ein sirkulær økonomi, ved å utnytte restråstoff til å produsere proteinrike larvar til mat og dyrefôr. Alle biprodukt vert nytta til å produsere organisk gjødsel.

Me vil nytta sjansen til å koma med innspel til ein nasjonal strategi for sirkulær økonomi, fordi vår erfaring som oppstartsselskap er at det trengs ei større satsing frå myndigheitene for å kunne få etablert ei næring med sirkulær økonomi innan matproduksjon.

Rapporten frå Deloitte er godt eigna til å gi oversikt og generelt innblikk i temaet. Føremålet med vårt innspel er å bringe til live utfordringane slik dei artar seg for ei oppstartssbedrift, med håp om at det kan streke under trongen for ei skikkeleg satsing på dette feltet.

Potensialet i organisk avfall

I dag vert organisk avfall stort sett nytta til å lage energi eller kompost. Analyser for vår region syner at ein kan få opp til 86 % betre netto klima-effekt av å nytte det til larveproduksjon. Årsaka er at ein dreg nytte av larvane sin appetitt og hurtige vekst til å direkte oppsirkulerer næringsstoffa til verdifulle protein – som elles krev mykje energi og jordbruksareal.

Det er store volum med tilgjengeleg organisk avfall i Noreg. Dersom me utnyttar ressursane betre, har det enorm klima- og miljøgevinst. Som pioner på feltet i Noreg, har Invertapro kome eit stykke på veg med å opne opp for ei slik næring i Noreg. Men sidan dette er eit felt med potensiale for å løyse omfattande problem med stor offentleg interesse, verkar unaturleg at enkeltsselskap skal løyse problem med regulatoriske hinder og andre utfordringar av generell art. Arbeid med reguleringar har seinka oss i vår utvikling, og ein større og meir generell innsats må til for at næringa innan rimeleg tid skal kunne utnytte potensialet i organisk avfall.

Utvikling som naturleg ligg hjå selskapet

Mykje av utviklingsarbeidet for å etablere næringar med sirkulær økonomi er slikt som naturleg ligg internt hjå aktørane i næringslivet. I vårt tilfellet deler slikt FoU-arbeid seg i kategoriane (1) biologisk kompetanse – for å få gode leve- og vekstvilkår for larvane, (2) utvikling av produksjonsteknikkar – som er ei blanding av eigne metodar, og å anvende riktig teknologi med utgangspunkt i vår biologiske kompetanse, og (3) kunnskap om produkta – anten det er næringsinnhald i mat, helseeffekt som dyrefôr eller effekt av gjødsel. Her ligg også klima- og miljøanalysar.

Dette er selskapet sine kjerneområde. Dei gjev på eige hand store og spreidde utfordringar, som legg terskelen høgt for at eit oppstartsselskap skal lukkast. Problemet i denne samanhengen er at mykje av våre ressursar går til område som ligg utanfor vårt kjerneområde. Frå vår ståstad er

dette eit tilleggshinder som gjer at terskelen vert så høg at det er nesten umogleg å overleve. Det seinkar utviklinga i næringar som satsar på sirkulær økonomi. Offentleg satsing på dette området kan gje selskap sjansen til å fokusere på det dei kan best – si kjerneverksemd – i staden for å enkeltvis løyse spesifikke problemstillingar i eit system som ikkje er lagt til rette for sirkulær økonomi.

Utvikling som bør leggjast til offentlig satsing

Svært mykje av våre ressursar har gått på koma over hinder av regulatorisk art, eller andre hinder som kan reduserast ved tilrettelegging og satsing frå myndigheitene. Det dreier seg i hovudsak om å kartleggje, avklare, utvikle og få godkjend deler av reguleringar som rører ved vår verksemd.

1. **Redusere regulatoriske hinder.** Som Deloitte er inne på, er reguleringane tilpassa ein lineær økonomi. Regelverket er ikkje eigna for utnytting av restråstoff. I utviklinga av ein fôrsamansetting til våre larvar har me hatt ressurskrevjande rundar med kartlegging av regelverk godkjenning for nærmast kvart nye steg mot Reguleringar avskjer oss frå verdifulle kjelder til matavfall og metodar for forbehandling av fôr, og set krav til overbehandling av organisk gjødsel som kan forringe produktet.
2. **Klargjere uklare reguleringar.** Eit regelverk som ikkje er laga for sirkulær økonomi fører med seg at heller ikkje tilsynsorgan har avklart korleis praksis stiller seg i høve til regelverk. For Invertapro gir det usikkerheit, og krev at me set av store ressursar til regulatoriske analyser og avklaringar. I tillegg til oppdatert regelverk er det naudsynt med gode rettleiarar som kan hjelpe bedrifter å orientere seg.
3. **Oversikt over tilgjengelege restråstoff.** Invertapro har brukt svært mykje tid på å kartleggje kjelder til restråstoff, og på å få tilgang til desse. Ei satsing frå myndigheitene bør innehalde oversikt over restråstoff, og insentiv til å gjere desse tilgjengeleg for å bli utnytta i ein sirkulær økonomi.

Nødvendige støtteordningar

I tillegg vil me nemna to utfordringar som gjer utfordringane verre, og som eventuelle støtteordningar må ta omsyn til.

1. **Konkurransen frå utlandet.** Me opplev direkte konkurranse frå utlandet og andre verdsdelar, der vårt inntrykk er at selskapa ikkje står overfor liknande regulatoriske hindringar. Pris er ein hovudfaktor for våre kundar, og i tidleg fase er det ikkje mogleg å konkurrere. På lengre sikt kan også dette liggje i vegen for full utnytting av restråstoff.
2. **Innovasjons- og FoU-midlar er ikkje tilpassa utfordringane.** Tilgjengelege prosjektmidlar stiller gjerne krav til lønsemd og kommersialisering. Dette er svært utfordrande i det totalbiletet me opererer i.

Oppsummerande merknad

I sum er vår forståing at sirkulær økonomi er eit felt som kan hjelpe Noreg å nå målsettingar innan klima og berekraft, og fremje offentlege gode. Invertapro har opplevd at regulatoriske hindringar i tillegg til manglande satsing og tilrettelegging frå myndigheitene har hindra oss i utviklinga, og gjer det framleis vanskeleg å overleve som insektselskap. Dette skildrar generelle utfordringar i næringa,

som ligg til hinder for at næringslivet kan utnytte potensialet i restråstoff. Det er difor lovande at Regjeringa jobbar med ein strategi for sirkulær økonomi.

Me håpar vårt innspel har vore til nytte, og ynskjer Regjeringa lykke til med arbeidet.

Invertapro AS